

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet, møte 26. november 2014

**Frå:** Fylkesrådmannen

### Fylkesordføraren sin sekretariatsleiar

Fylkesordføraren sin sekretariatsleiar nærmar seg pensjonsalder. På bakgrunn av dette har undertekna og fylkesordføraren drøfta kva som bør skje når noverande innehavar av funksjonen sluttar.

Vedkomande som no er sekretariatsleiar vart i si tid tilbydd denne funksjonen, og seinare fylkesordførarar har vald å halde fram med same sekretariatsleiar.

Hovudoppgåvene til sekretariatsleiar er å tilretteleggje for fylkesordføraren sitt arbeid. I dette ligg ein rad oppgåver, m.a. taleskriving, få på plass avtalar, ekstern kontaktverksemd, leggje til rette for besøk frå delegasjonar, komitear og samarbeidspartar, organisere politikardagar, interne og eksterne møte og elles vere med i ulike samanhengar der fylkesordføraren representerer fylkeskommunen.

I tillegg til dette er noverande sekretariatsleiar møtesekretær i fylkesutvalet og fylkestinget og dessutan sekretær for fylkesvalstyret. Han er og rådgjevar for fylkestingsrepresentantar i habilitetsspørsmål i forkant av møte i folkevalde organ. Begge delar er administrative funksjonar som ligg under fylkesrådmannen. Etter å ha rådført meg med sekretariatsleiar, reknar eg desse oppgåvene til å utgjere 20-25 prosent av den samla tidsbruken hans.

Når sekretariatsleiar også har utøvd funksjonen som møtesekretær i FU og FT, er det fordi han er jurist og det har vore sett på som ein føremon at den som skal ha denne oppgåva har slik kompetanse.

Fylkesordføraren har personalansvaret for sekretariatsleiar, sjølv om han altså delvis utfører oppgåver som ligg under fylkesrådmannen. Når sekretariatsleiar t.d. uttalar seg i fylkestinget og fylkesutvalet om prosessuelle tilhøve, gjer han det på vegner av fylkesrådmannen.

Fylkesutvalet må no ta stilling til følgjande:

- Skal stillinga som sekretariatsleiar framleis liggje på politisk side, dvs. under fylkesordføraren, eller skal stillinga liggje på administrativ side, altså under fylkesrådmannen?
- Under føresetnad av at stillinga skal liggje under fylkesordføraren; skal stillinga vere eit politisk verv eller skal det tilsetjast i stillinga på vanleg måte?

Dersom det er tale om eit politisk verv, vil ikkje sekretariatsleiar bli rekna som arbeidstakar. Han vil i så fall ikkje bli omfatta av arbeidsmiljølova sine reglar om tilsetjing. Funksjonstida bør i så fall følgje fylkesordførarperioden.

Dersom ny person vert tilsett i stillinga, vert vedkomande å sjå på som ordinær arbeidstakar som må tilsetjast fast.

- Kva for storleik skal stillinga ha?

Etter å ha rådført meg med fylkesordføraren, tilrår eg følgjande:

1. Sekretariatsleiaren vert framleis underlagd fylkesordføraren.
2. Stillinga som sekretariatsleiar bør i framtida vere eit politisk verv og funksjonstida bør følgje funksjonstida til fylkesordføraren. Fylkesordføraren bør sjølv få peike ut den personen vedkomande ønskjer i stillinga, men ein kan ikkje peike ut ein fylkestingsrepresentant.
3. Ny sekretariatsleiar bør få ein stillingsstorleik på 80 prosent. Det er då føresett at delar av oppgåvene hans må vidareførast på administrativ side (sjå over).

Når det gjeld oppgåva som møtesekretær i fylkestinget og fylkesutvalet, legg fylkesrådmannen opp til at denne vert lagt over til ein av dei tilsette i fylkesrådmannen sin stab, etter alt å døme ein jurist. Også oppgåva som sekretær for fylkesvalstyret, vil eg leggje til ein av dei tilsette i staben.

Eg ber om fylkesutvalet sine ev. merknader.